



Alvsbyhus c/o Kej Utvikling AS
Solheimsgaten 16A
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1575 - 14/3882

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
05.03.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 214/198 Fyllingsnes

Teknisk drift syner til brev datert 12.02.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining – gbnr 214/198. Vi har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43 og vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no
- Veg som ønskes etablert til eigedom frå privat veg er plassert i LNF område. For at avkjøringsløyve frå kommunal veg skal være gyldig, må det ligge føre dispensasjon frå LNF området for etablering av veg frem til eigedom.
- Det skal ligge føre rett til å nytte privat veg. Vegrett bør tinglysast.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», samt vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Siril Therese Sylta
Kjetil Eikefet

Mottakarar:

Alvsbyhus c/o Kej Utvikling AS

Solheimsgaten
16A

5058

BERGEN